

Hei,

eg sender kontaktopplysning og dokumentasjon på prosjekt eg søker støtte til.

Jamfør innsendt søknadsskjema for kunsnarstipend med frist 01. mai. I tillegg til prosjektet eg skildra i skjemaet skriv eg på diktmanuset «Eyes Wide Shut Daughter Kidnapped». Det er sendt inn til forlaget Vigmostad og Bjørke og er under vurdering.

Litt om prosjektet: Hendingar og personar frå den verkelege verda interesserer meg, og eg bruker ofte autentisk stoff i dikta mine. Eg er interessert i grenseovergangar i og mellom menneske, språket og eksistensen, og er bl.a. inspirert av filosofane Jacques Derrida og Emmanuel Lèvinas. Blant materialet eg nyttar er moglege og stadfesta konspirasjonar og påståtte planta løgner, mellom anna omstendene rundt dødsfallet til Kurt Cobain. Dette omarbeider eg så til poesi.

Det andre prosjektet, «Inni flyet over havet» er i større grad på idéstadiet og under utvikling.

Kontaktinformasjon til redaktør i Vigmostad og Bjørke Sonja Helene Dalseth:

Tlf.: 23 30 24 18

Mobil: 970 57 418

Email: sonja.helene.dalseth

Eyes Wide Shut Daughter Kidnapped

dikt av Olav Gisle Øvrebø

Del 1

Kanskje konspirasjonar

Eyes Wide Shut Daughter Kidnapped

«Døden inntreff aldri av éin enkelt grunn, men... Han fekk slag medan han sov. Det tok hardt på han å ferdigstille filmen, og det som hende med dottera hans ikkje minst.»
Michel Ciment, filmkritikar.

Ei lita jente går mellom hyllene
i leikebutikken
blant brettspel kalla *Magic Circle*
og barbiedokker, kalde under den blanke plasten
«Kan eg få denne?» spør ho
foreldra bedande
dei andre smiler i maskene
purpur-raude kapper dett til golvet
ein sirkel av nakne kvinner
kroppar slanke i symmetri
forma av glasert plastikk
eg kjenner suget
gjennom den sataniske baklengsmusikken
Gud hjelpe oss! Jesus
«Far! Kvifor forlot du meg?»
Ei lita jente, ei dotter på ni,
forsvinn mellom tre svatkledde
«Dotter! Kvifor forsvann du
og lot meg falle baklengs gjennom tida»
Det raude teppet ser mjukt ut,
men
blodet strøymer over skjulte beinpiper

Project Monarch

Cathy O'Brien hevda i 1995 at ho var offer for eit CIA-program kalla *Project Monarch*, som dreiv med tankekontroll.

Ho har skjerpa sansar
som ser og høyrer klårare
med auge i nakken
og fotografiske minner
av overgrep og statshemmelegheiter
gøynt bak stengte nervetrådar
som ein nedlagt veg
ein avstikkar frå motorvegen
som trafikken brått blir leia inn på
der elektrisk straum i usynlege kablar
lyser opp høge blokker, fabrikkpiper
og anleggsbedrifter som startar opp igjen

gravemaskinene svingar skuffene
og sanden renn i rasfarlege grøfter
himmelens blånar
det bleiknar, raudnar, svartnar, gulnar
for auga hennar, det kvite blir synleg
rundt regnbogehinna,
ho er redd for å fortelje folk om det
ansiktsuttrykka deira seier alt
som når synestesi får eit barn
til å kjenne ting på tvers av sanseområda
og ho bokstaveleg talt frys av kalde fargar
og kan fortelje at onsdagar smakar vondt
blikket ho får mot seg lukkar munnen

Kven drap Kurt Cobain?

Fredag 8. april 1994 vart Kurt Cobain funnen død.

Han etterlot seg kona Courtney

og dottera Frances

–Nokre år tidlegare

ville eg aldri ønskt meg eit barn, sa han ein gong,

eg tykte det virka uforsvarleg

verda kan eksplodere

når som helst,

men når ein blir glad i nokon

er alt anleis

alt eksploderer opp på deg

som i ei blanding av vatn og syre

Kven drap Kurt Cobain?

Eg har vore fanga i den hjerteforma

boksen din i ei veke,

sang han og teikna foster som låg inni livmora

med spisse pinnar peikande imot seg

han skaut heroin mot magesmerter

i eit skjebnefellesskap med Courtney Love

då han vart funnen død

hadde han nok heroin i seg

til å ta livet av ein hest

på åstaden låg det

ein sigarboks

full av brente teskeier og tjære

og ei hagle utan fingeravtrykk

Tåke (igjen)

På Youtube ligg eit klipp med tittelen **Zionist Israeli Girl Debates Jewish Professor Dr. Norman Finkelstein**

Ei ung kvinne kjem fram i eit auditorium
utanfor spring eit lite barn
rundt huset
kvinnna går bortåt mikrofonen
der publikum kan stille spørsmål
til forelesaren
barnet som spring
reiser aldri
bort herifrå
han spør
når vart det vondt?

kvinna er framme no
framme ved mikrofonen
ho pratar med bevande stemme
tåka stig
opp gjennom sprinklene
og glødar i mørkret utanfor
kvar gjekk du feil? spør barnet

små aligatorar
veks fort opp
stemma til kvinna brest
noko kan aldri skyllast bort

Alt du vil ha kan du få

dette er krokodilletårer

korleis

mannen på talarstolen
blir sint

korleis gjekk du feil?

sikta blir utydeleg
av tårer i augene
retninga blir borte
gjennom natt og tåke

Andy Kaufman's brother says he is victim of hoax

Andy Kaufman døydde i 1984 av ein sjeldan type kreft. Eller gjorde han det? Straks etter meldinga om dødsfallet har rykta svirra.

Eit umuleg spor gjennom tida
ei bøtte med brent og smuldra brevpapir
bokstavane er molekyl gjennom lufta
dette har Andy pusta ut
eit omvendt branntilløp som vender
flammane ut av brevet
sleiker dei inn i seg sjølv igjen
og gjer det brente arket gradvis kvitt igjen
bror til Andy Kaufman står på ei scene
og les frå eit brev han har fått
skuggar av trekkfuglar flyg over ansiktet hans
rosen teiknar seg opp kring jokersmilet

It was too much pressure to be

Andy Kaufman. I just wanted to be

Andy

*I'm extremely very happily
married with the most wonderful wife
in the whole wide world
and with the two greatest kids*

«Andy heldt ikkje pennen
som skreiv desse orda
men nokon som proffiterer på folk si
fastlamring i livet.

Ikkje ver redd! Alle må døy,
vi skal ikkje vere her for alltid
vinden bles dit den vil»
seier stemma til Andy susande
i usynlege øyretelefonar

med radiosignal frå ei øde øy
der han og Elvis set med radiosendarar

Conspiracy Keanu

Eg ser på nettet at Standard i Oslo for tida viser utstillinga «Tarp»
av Gardar Eide Einarsson,
blant kunstverka er ein serie med trykk
av eit internett meme kalla Conspiracy Keanu
eg blir litt stolt over å sjå noko Einarsson brukar i kunsten sin
som eg allereie hadde lagt merke til,
men eg hadde ikkje sett alle mema han brukte,
det var *What if*
the princess
wants to be with Bowser
but Mario keeps kidnapping her?
What if
computer
viruses
are really made by the anti-virus

softare companies to make money?

og min favoritt

What if the 99%

are really just the 1%, staging a protest, so the real 99% believe there are real protests?

og så vidare

det eg lurer på no

er om Conspiracy Keanu-mema

er laga av

Gardar Eide Einarsson

så han kan gjere dei om til dyre kunstverk

Del to

Eit forsøk på å klamre seg fast i livet (ved hjelp av Emmanuel Lévinas)

1.

Lévinas arbeida i forlenginga av Husserls og Heideggers fenomenologi.

Eg skrolla på måfå nedover litteratursidene til db.no

og såg eit ansikt eg likte,

det var ei melding av ei bok

Havet i enden av veien

eg kjende ikkje til forfattaren

googla han

og fann ein video med ein motivasjonstale

han heldt på University of the Arts i Philadelphia i 2012

talaren hadde svart og raud kappe

og ein hatt med dusk i

eg trykte på play og byrja å lytte

og kjente raskt at eg vart engasjert

og full av håp

av det han sa

“I never really expected to find myself giving advice to people graduating...”

byrja han

han fortalte at meir og meir arbeid skjer freelance

folk får oppdrag fordi dei er er presise, hyggelege og skriv godt

og du behøver ikkje ein gong å gjere alt det

to av tre er nok, sa han

han var morsom og oppmuntrande

det vart kveikt eit lys i brystet mitt

livet er hardt, nevnte han,

du kan bli sjuk, du kan bli svikta, du kan bli fattig,

uansett kva som skjer så følg mitt råd:

lag god kunst
deklamerte han,
eit godt råd han sjølv hadde fått
medan han laga *Sandman*
kom frå Stephen King:
“He said ‘this is really great. You should enjoy it.’
And I didn’t. Best advice I got that I ignored”
Eg måtte google *Sandman*
eg såg føre meg ein teikneserie med ein gul liten kakemann
litt som smileyen i *Watchmen*
men vart møtt av eit delirium
bileta ga meg assosiasjonar til grøssarar
nokre teikningar var flate, andre plastiske og fotografiske
med uklare alvorlege ansikt,
auge som nærmast var tomme og døde, dei berre gløda
ut frå skisser av strekar og tåke
den likbleike mannen med klør til fingrar
det strittande svarte håret hans liksom skrek
på eit bilet stod han bøygd over eit barn
det sov fredfullt under ei pudderrosa dyna
den smilande, lune mannen full av gode ord
på talarstolen for litt sidan
hadde tenkt ut alt dette
kvifor?

2.

Dette er særlig tydelig i hans første arbeider, og han vant først berømmelse som Husserl-kommentator.

Eg hadde ein barndomsvenn som likte *Spawn*
vi var vel egentleg ganske fjerne
i forhold til kvarandre, berre feilplasserte sjakkbrickar
på den andre sin halvdel, kva det gjorde
med oss veit eg ikkje. Det eg veit
var at dei fine teikningane
til storebroren hans
fekk det til å klø i fingrane mine
etter å teikne like virtuost
med skarpe strek og nekroplastma
raude kapper, sverd, stål

eg hadde gløymt han ut
då eg sat på sjukehusbiblioteket mange år seinare
og las i Tranströmers samlede
eg kikka opp
eit uventa PC-spel slo imot meg
frå ei hylle på biblioteket
glødande auge i ei svart og raud kappe
Spawn-logoen med hovudskalle i a-en
frå blada til Sjur, Ståles storebror

og bakom oss tre som går
på den smuldrande stien der
svevar det ein svart kross
som vil innhente oss
og ta mål av kroppane våre
vi gløymer dette
medan sjølve nekroplastmaen
blir sydd i stillheit

3.

I 1950-årene begynte han for alvor arbeidet med å utforme sin originale filosofiske etikk med det formål å overskride den tradisjonelle ontologiens etiske nøytralitet.

(Manglar dikt her førebels)

4.

Levinas' første hovedverk, Totalité et infini (1961), var bl.a. inspirert av den dialogiske tenkningen til Franz Rosenzweig og Martin Buber.

Vi gjekk langs fortauet i Nygårdsgata
gjennom vindauge på Garage såg eg ansiktet til Kurt Cobain
på ein plakat i profil
det er eigentleg litt sart
tenkte eg,
ansiktet til Kurt Cobain er eigentleg litt sart, sa eg,
du fekk ikkje svart
eller jo, du lo lett, skeptisk kanskje, eller likegyldig
men muntert,
eg heldt meg fast i den låtten
heile vegen heim
frostrøyken låg over isen på Store lungegårdsvann
og eg klappa deg på skuldra
då du vart motlaus
av all din tunge teori på pulten
vi fekk ein dag i dagen
som vart fargelagt
Kurt Cobain trekte grå røyk inn
gjennom det oransje på sigaretten
og drog eit svartkvitt filter over biletet
med ei oransje glo i
og eg seier til deg
at Kurt Cobain var eit vakkert menneske
han kledde det raudlege håret.

Slik såg eg han i forbifarten
ein blomst eit ark papir
som flamma opp eit øyeblikk
og vart borte

5.

Han tar her utgangspunkt i vårt møte ansikt til ansikt med den Andre.

Dådyret står i hagen
avisa landar på trappa
ei overskrift spør om kjærleiken er
eit personleg prosjekt,
dådyret blar til teikneseriane

6.

Verket har undertittelen «et essay om det ytre», og det sentrale poenget er at vi ikke kan oppdage hva et menneske er ved å søke i vårt eget indre, men bare i møte med et annet menneske som møter oss som et ansikt.

Ho på jobb som eg aldri har prata med snakka til meg i dag

det var Liverpool-skjerfet som sette igang samtalen
eg tenkte at ho kledde genseren ho hadde på seg
den var grovmaska og blåaktig
og framstilte den frodige kroppen hennar på ein fin måte
det var det første gongen eg tenkte over
vi vart ståande og prate om litteraturteori
ho fortalte om preformativitet
og korleis Judith Butler bevisst oversåg det biologiske
eg fekk ei betre forståing
av noko eg lenge hadde lurt på

7.

Tradisjonelt har ontologien bestrebet seg på å finne en totalitet i virkeligheten, og Hegel er det klareste eksempelet på dette.

I dag møtte eg ein engel.
Han stod i busskuret då eg kom
og såg ut som ein vanleg eldre mann med kvitt hår og rynker
lighteren la eg først merke til
den spratt opp frå asfalten og inn i handa hans
då han bøygde seg og plukka den opp
raskt og smidig
for alderen, tenkte eg

eg møtte han igjen
på same busstopp
då var eg på veg heim.
Han hadde følgt bussen på den same ruta som meg
ein gong til
og gjekk av på same stad
tre timer seinare
han passerte meg med eit forsiktig smil om munnen
då eg snudde meg var han borte

8.

Kierkegaard hevder at det enkelte subjektet ikke lar seg begripe på denne måten.

Eg et lunsj med ein kompis og så kjem det ein til
han blir glad og pratsom og vil heller prate med kompisen min
enn dei som dama hans samtalar med

kompisen min og han andre byrjar å prate og etter kvart
kjem dei til det uungåelege temaet når eg er til stades: skrivinga mi,
så det går som det må gå når vennen min hausar
opp kva eg driv med for ein venns venn, eg fortel
velvillig om mitt rike indre liv. Dei bruker teip
på merkelappen og eg forklarar med ein indre geip
at ja eg er diktar, det forpliktar,
får håpe eg ikkje sviktar.

Men han her ville ikkje snakke så mykje om det
han ville heller høyre meir frå kompisen min,
så då møtest vi som venners venner i staden
i eit triangel der den streken
som gjekk mellom meg og han
var svakare
enn strekane mellom kompisen min og meg
og kompisen min og han andre
og det var heilt greit

Inne i flyet over havet

tekstar av Olav Gisle Øvrebø

Då du var ung var du eit gulrotblomsterbarn
og du la bitar fint i solsikkeformasjon
sirkel i midten, strålar utover
eller du støypte raspa gulrøter og gelatin i former
for all maten var det du som måtte lage
og ta oppvasken etterpå
mor di drakk til ho var frå sans
og samling, og far din sat og gret og grubla over
kor mange måtar ein kan døy

det svarte treet ditt mot himmelen er borte
det strekte fingrar, tær og nerver mot det blå
du klatra opp i det og pusta klorofyllt
inn gjennom sprekkene i plankehytta
steg for steg, byen opna seg lang der nede
før uversskyer kom og mørkla den
haglet skaut naglar inn i lidings
treet
og regnet dryppa ned frå himlens opne sår
men etter stormen kom eit stille slangesssus

og pappa stod med ei spiss grein stikkande inn i magen
du måtte ned og redde han frå å døy
men det var haust og alle blad fall våte rundt deg
mamma var der og samla dei i haugar
før ho hoppa inn i dei saman med tigeren

og dette er rommet ein ettermiddag
eg visste at eg kunne elske deg
frå eit punkt høgt over deg og golvet
svevde eg som lyset der nær døden
eg sokk inn i sjela di og sola trengte inn i kvar pore

*

Jesus, er du der? Je-e-sus
eg elskar deg, Je
sus bakom susar skogane den lyse veggen
Kristus
høgt, å som eg elskar deg
Je-e-sus
og på dei late dagane
hundane går med søppelposane
snegelen festar seg til muren med sugekopp
og vi går og svømmer vekk
kvar dag vi ventar på
der graset på slettene er søtt
og vi røyker det frå bongar
byggjer hus i skyene

vinkar til syntetiske flygemaskiner

*

Inni flyet over havet

(dikt under arbeid)

*

Gut med to hovud
og éin rygg
er du der?
eg høyrer at du tikkar med fingeren mot innsida av timeglaset
dei bensinblå auga dine rører seg ikkje
det er mørkare enn mørkt
men ikkje gråt over verda
skjortearmane hennar er fulle av kort
ho er nedgravd i jorda
i ein draum om tida i sola
til musikken av platestifta som syng i hjertet ditt

*

Ces

Då du var yngre var du i ungdommens råskap
der var det ein som skulle lage plastelinavagina
du spurte -Har du nokon idé i heile tatt
om korleis ei vagina eigentleg ser ut?
og guten svarte nei og du sa -Nettopp

du bretta inn og bretta ut papir i spåen
men same korleis kom ein aldri innanfor
så for du vidare og lærte deg å syngje
og danse elvedans åleine i ein sirkel av krystall
då klappa publikum utanfor glasklokka di

no er du ei gulbrun solsikke i Sverige
og løftar blada mot himmelen som hender
det vakre morsomme veks over alle oss

Inni flyet over havet

(Blått=venstre kolonne, grønt=høgre kolonne)

*There are lights in the clouds
Anna's ghost all around
Hear her voice as it's rolling and ringing through me*
Jeff Magnum

Det lyser i skyene si uklare overflate
glede – sorg
det som blir etterlikna – det som etterliknar

(Og dette er filmklippet:
tre menneske på ei scene
med kassegitar, trompet og horn
musikk for bryllaup og begravelsar):

Å kor godt eg hugsar deg, di sjel (ghost)
er overalt, stemma
di rullar gjennom meg
tonane fer høgt over trea
kor gjerne eg ville presse fingrane mine
gjennom munnen din
eller tatt munn mot munn
så musklane kunne komme i rørsle igjen
og gjere stemma di sot og fin

sjel (ghost), eg veit du lever inni meg
eg er ikkje redd
for ein vakker draum
som kunne ha glimta på skjermen
i ein refleksjon
eit falsk bilet (ghost)

framfor scena snakkar publikum seg
imellom og blandar seg med
stemma til sangaren
i eit flettverk av ord og ytringar
alltid allereie
overgang mellom lytting og snakk